

Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel Rapport etter tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehald av alarmhandteringssystemet i kontrollrom på Sture - Aktivitet 001000266 - Tilsynsrapport	Aktivitetsnummer 00100266

Gradering		
☒ Offentleg	☐ Begrensa	☐ Strengt fortruleg
☐ Utenfor offentligheit	☐ Fortruleg	

Involverte	
Hovudgruppe T-L	Oppgåveleiar Arne Halvor Embergsrud
Deltakarar i revisjonslaget Linn Iren Vestly Bergh, Elisabeth Vaagen, Arne Halvor Embergsrud, Kristian Solheim Teigen og Asbjørn Ueland	Dato 17.12.2021

1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte tilsyn med Equinor MMP OPL si oppfølging av ansvar, kompetanse og vedlikehald av alarmhandteringssystem i kontrollrommet på landanlegget Sture i 2021.

Tilsynet blei utført ved gjennomgang av etterspurde dokument.

2 Bakgrunn

Petroleumstilsynet har dei siste åra hatt ein del tilsyn med oppfølging av alarmsystem, både på boreinnretningar, landanlegg og på produksjonsinnretningar der vi har avdekket at alarmsystema ikkje møter selskapa sine krav. Vidare har vi i andre tilsyn sett at det er høge alarmrater og mange ståande alarmer. Dette tyder på at det kan være manglar både ved oppfølginga av systema og forståinga av kva verknader høge alarmrater og mange ståande alarmer kan ha på arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma.

I 2021 gjennomfører vi tilsyn med kontrollromma på dei fleste norske innretningar og anlegg.

3 Mål

Målet med denne oppgåva er å verifisere at operatørane følger opp alarmsystema og arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma i samsvar med regelverk og selskapa sine interne krav.

4 Resultat

4.1 Generelt

Equinor Sture har dokumentert regelmessig oppfølging av måltala for alarmsystemet. Veketala for alarmrate ved normal drift og omfanget av ståande alarmer er for det meste innanfor kravet i styrande dokumentasjon.

Vi har mottatt vurderingar av total arbeidsbelastning samt kognitive og perseptuelle begrensingar

5 Observasjonar

Vi har med to hovudkategoriar av observasjonar:

Avvik: Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfylling av regelverket.

Forbetringspunkt: Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfylling av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

5.1 Avvik

Det er ikkje observasjonar som er karakterisert som avvik.

5.2 Forbetringspunkt

5.2.1 Innsamling, bearbeiding og bruk av data

Forbetringspunkt

Selskapet kan ikkje dokumentere at innsamla informasjon i Nåanalyse er nytta til å overvake og kontrollere operasjonelle og organisatoriske forhold i kontrollrommet.

Grunngjeving:

Vi har mottatt Nåanalyse gjennomført i 2020. Equinor kunne ikkje vise korleis funn og tiltak i denne analysen var synleggjort i WHERA/WeRisk.

Krav:

Styringsforskrifta § 19 om innsamling, bearbeiding og bruk av data, jf. Teknisk og operasjonell forskrift § 46 om tilrettelegging av arbeid

5.2.2 Mangelfull oppfølging av alarmsystem

Forbetringspunkt

Omfanget av stående alarmer med omsyn til prioritet har ikkje blitt følgt opp systematisk.

Grunngjeving

Dokumenta *Alarm Analyse - Staaende Alarmer* viser at det er oppfølging av stående alarmer. Likevel er det først etter at varselet om tilsyn vart sendt at prioritet er inkludert i rådata for rapportane. Desse siste rapportane viser at omfanget av alarmer med prioritet 2 og 3 er vesentleg høgare enn krava. Etter tilsynsvarselet er det oppretta ein intern dispensasjon, *236867 Antall stående alarmer overstiger krav i TR1494* med tidsramme 20.08.2021 – 19.08.2022.

Krav

Teknisk og operasjonell forskrift § 21 om menneske-maskin-grensesnitt og informasjonspresentasjon

Teknisk og operasjonell forskrift § 33a om kontroll- og overvåkningssystemer

6 Deltakarar frå oss

Arne Halvor Embergstrud,	Fagområde prosessintegritet, (oppgåveleiar)
Linn Iren Vestly Berg,	Fagområde arbeidsmiljø,
Elisabeth Vaagen,	Fagområde arbeidsmiljø,
Kristian Solheim Teigen,	Fagområde prosessintegritet,
Asbjørn Ueland,	Fagområde prosessintegritet

7 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- 01 - TR1494 Alarm system ver 4.01.pdf
- 02 - GL1494 Alarm system guideline ver 1.01.pdf
- 03 - OM201.08.06 - Analyse av alarmer i sentralt kontrollrom.pdf
- 06 - Arbeidsordrer alarmreduksjon.pdf
- 07 - Sture Disp 236867 - Antall stående alarmer overstiger krav i TR1494.pdf
- 08 - ST-14557-5 Sture Nåanalyse med vedlegg.pdf
- 09 - Utdrag SO01538 Kontrollromsopplæring Stureterminal.pdf
- 20140916 Wehra Sture R52 SKR.pdf
- Alarm Analyse - Initierte Alarmer 2021-05.pdf
- Alarm Analyse - Initierte Alarmer 2021-06.pdf
- Alarm Analyse - Initierte Alarmer 2021-07.pdf
- Alarm Analyse - Initierte Alarmer 2021-08.pdf
- Alarm Analyse - Initierte Alarmer 2020-01.pdf
- Alarm Analyse - Initierte Alarmer 2020-02.pdf

- Alarm Analyse - Initierede Alarmer 2020-03.pdf
- Alarm Analyse - Initierede Alarmer 2020-04.pdf
- Alarm Analyse - Initierede Alarmer 2020-05.pdf
- Alarm Analyse - Shelved Alarmer_20211006.xlsx
- Alarm Analyse - Staaende Alarmer 2021-05.pdf
- Alarm Analyse - Staaende Alarmer 2021-06.pdf
- Alarm Analyse - Staaende Alarmer 2021-07.pdf
- Alarm Analyse - Staaende Alarmer 2021-08.pdf
- Alarm Analyse - Staaende Alarmer 2020-01.pdf
- Alarm Analyse - Staaende Alarmer 2020-02.pdf
- Alarm Analyse - Staaende Alarmer 2020-03.pdf
- Alarm Analyse - Staaende Alarmer 2020-04.pdf
- Alarm Analyse - Staaende Alarmer 2020-05.pdf
- GL1494 Alarm system guideline ver 1.01.pdf
- Hvordan ivaretar Sture alarmhåndteringssystemene i sentralt kontrollrom.pdf
- Svar på oppfølgingsspørsmål Sture 081021.docx
- Synergi1550246 • Wehra Sture R52 Sentralt kontrollrom 2014_2015 med WeRisk knytning.pdf